

Årsrapport for busetting

2018

Innhald

| | |
|---|----|
| Hovudtrekk | 2 |
| Del 1: Måloppnåing - styringsparametre for rask busetting | 3 |
| Del 2: Busette | 4 |
| Del 3: Busettingsklare i mottak | 7 |
| Del 4: Einslege mindreårige | 9 |
| Del 5: Familiar | 11 |
| Del 6: Vaksne | 13 |
| Del 7: Nasjonalitet | 14 |
| Del 8: Overføringsflyktingar | 15 |
| Del 9: Særskilt tilskot for busetting | 15 |
| Del 10: Vedtak om busettingsplassar | 16 |

Hovudtrekk

Årsrapporten tek for seg tal for busette og busettingsklare per 31.12.2018. Denne sida gir eit overblikk over hovudtrekka i rapporten.

Tal på busette og busettingsklare per 31.12.2018

| | Busette | Busettingsklare |
|----------------------|---------|-----------------|
| Totalt | 4 903* | 582*** |
| Einslege mindreårige | 194** | 23 |
| - IMDi | 159 | 26 |
| - Bufetat | 35 | 7 |
| Familiar | 3 541 | 378 |
| Vaksne | 1 141 | 271 |

*Totaltalet inkluderer 27 personar med skjerna identitet.

**Totaltalet inkluderer m.a. personar busett gjennom Bufetat.

***Totaltalet inkluderer busettingsklare i Bufetat sine omsorgscentra samt personar i alternativ mottaksplassering.

Måloppnåing per 31.12.2018

| Busetting innan: | 3 mnd | 6 mnd | 12 mnd |
|----------------------|-------|-------|--------|
| All busetting | | 83 % | 97 % |
| Einslege mindreårige | 63 % | 86 % | 95 % |
| - IMDi | 64 % | 87 % | 96 % |
| - Bufetat | 54 % | 80 % | 89 % |
| Familiar | 24 % | 82 % | 97 % |
| Vaksne | | 83 % | 96 % |


Busettingsplassar - nytta og unytta per 31.12.2018

| | Busette | Søkt ut og bodsendt | Totalt | Vedtak | Plassutnytting | |
|-----------|---------|---------------------|--------|--------|---|--|
| | | | | | Ekskludert dei som er søkt ut og bodsendt | Inkludert dei som er søkt ut og bodsendt |
| Nasjonalt | 4 903* | 289** | 5 192 | 5 270 | 93 % | 99 % |


* Inkluderer 27 personar med skjerna identitet.

**Totaltalet inkluderer m.a. personar søkt ut gjennom Bufetat.

Vedtak om busettingsplassar i høve til oppmoding



Busetting (måltal og faktisk) - månedleg og akkumulert



Busettingsplassar - totalt*

| Oppmoding | Kommunevedtak | Busette |
|-----------|---------------|---------|
| 5 350 | 5 270 | 4 903** |
| | 99 % | 93 % |

*Måltalet for busetting i 2018 var 5 350.

** Inkluderer 27 personar med skjerna identitet.

Busettingsplassar - einslege mindreårige

| Oppmoding | Kommunevedtak | Busette |
|-----------|---------------|---------|
| 270* | 242 | 194* |
| | 90 % | 80 % |

*Måltalet for busetting av einslege mindreårige var 260 i 2018.

Del 1: Måloppnåing


- styringsparametre for rask busetting*

I 2018 er resultatkravet at 90 pst skal verte busett innan seks månadar etter vedtak om opphald. Måloppnåinga for den samla busettinga i 2018 enda på 83 pst. Dette er ein oppgang på 7 prosentpoeng når ein samanliknar med 2017.

1.1 MÅLOPPNÅING PER 31.12.2018

| Busetting innan: | 3 mnd | 6 mnd | 12 mnd |
|----------------------|-------|-------|--------|
| All busetting | | 83 % | 97 % |
| Einslege mindreårige | 63 % | 86 % | 95 % |
| - IMDi | 64 % | 87 % | 96 % |
| - Bufetat | 54 % | 80 % | 89 % |
| Familiar | 24 % | 82 % | 97 % |
| Vaksne | | 83 % | 96 % |

1.2 HISTORIKK MÅLOPPNÅING




Figur 1.2 syner utviklinga i del busette innan 3 månadar (einslege mindreårige og bornefamiliar) og 6 månadar (vaksne og den samla busettinga) over tid.

Den samla måloppnåinga er betra i 2018 samanlikna med førre år med ei auke på syv prosentpoeng. Den største endringa gjaldt dei 1 141 vaksne der måloppnåinga har auka frå 69 pst i 2017 til 83 pst i 2018. [Les meir om denne gruppa i del 6.](#)

For dei einslege mindreårige er den positive utviklinga frå 2017 ført vidare, frå 62 pst i 2017 til 63 pst i 2018. Dette overstig resultatkravet på 50 pst. Dersom ein skil mellom dei som vart busett av IMDi (15–18 år) og dei som vart busett av Bufetat (under 15 år) var måloppnåinga høvesvis 64 pst og 54 pst. [Les meir om einslege mindreårige i del 4.](#)

Medan utviklinga har vore positiv for dei vaksne og einslege mindreårige, har den vore annleis for bornefamiliane. Figuren syner at måloppnåinga for bornefamiliar har vore låg dei siste åra, med ei mindre auke i 2016. I 2018 var 24 pst av bornefamiliane busett innan tre månader etter vedtak, ei auke på eitt prosentpoeng frå 2017. Det har likevel vore ei positiv utvikling mot slutten av året, kor langt fleire har vorte busett raskare. [Les meir om familiar i del 5.](#)


1.3 HISTORIKK MÅLOPPNÅING OG BUSETTINGSKLARE



Figuren over syner den historiske samanhengen mellom kor mange som har venta i mottak ved utgangen av kvart år og den samla måloppnåinga som vart oppnådd det same året. Generelt syner figuren at måloppnåinga auker når talet på busettingsklare går ned. Samstundes kan ein sjå at samanhengen avtek når talet på busettingsklare er på eit så lågt nivå som det har vore sidan utgangen av 2017.

Frå 2016 og fram til 2018, har måloppnåinga halde seg relativt jamnt på om lag 80 pst. Samstundes har talet på busettingsklare gått kraftig ned, og ventetida deira har auka.

1.4 MÅNADLEG MÅLOPPNÅING



Figuren over syner den månadlege utviklinga av måloppnåing for den samla busettinga i 2018. Variasjonen som kjem fram tyder til dømes at 89 pst av dei som vart busett i desember hadde venta i mindre enn 6 månadar etter vedtak om opphald, mot 73 pst i juli.

Når gjennomsnittleg ventetid auker eller minkar for dei busettingsklare, er det viktig at ventetida for dei busette reflekterer dette. Det er hensiktsmessig at ventetida for dei busette er lengre enn for dei busettingsklare – dette tyder at talet på lengeventande vert redusert, noko som gjev grunnlag for auka måloppnåing. Vi ser no at det motsatte finn stad – ventetida for dei busettingsklare er 7,0 mnd, medan ventetida for dei busette var 4,9 mnd. Det vil vere viktig å halde særskilt fokus på dette for å unngå ei uforholdsmessig auke i talet på lengeventande. For at utviklinga skal snu må ein busette dei med lengst ventetid først. Dette kan føre til ein nedgang i måloppnåinga dei neste månadane. Samstundes vil den høge andelen av dei busette som er overføringsflyktingar bidra til at måloppnåinga held seg høg.

* Jf. tildelingsbrev 2018, delmål 1: Raskere busetting av flyktingar. Resultatkrav om 90 pst. busette innan 6 mnd. etter vedtak om opphald, resterande del skal busettast innan 12 mnd. Resultatkrav om 50 pst. busette familiar med born under 18 år innan 3 mnd. etter vedtak om opphald. Resultatkrav om 50 pst. busette einslege mindreårige innan 3 mnd. etter vedtak om opphald.

Del 2: Busette

Det vart busett til saman 4 903 personar i 2018. Busettinga var i tråd med det samla busettingsbehovet.

2.1 NØKKELTAL FOR BUSETTING - HISTORIKK

| | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---------------|---------------|--------------|
| Busette totalt | 15 291 | 11 078 | 4 903 |
| Busette einslege mindreårige | 1 599 | 759 | 194 |
| - kor av IMDi | 1 138 | 486 | 159 |
| - kor av Bufetat | 461 | 273 | 35 |
| Busette personar i bornefamiliar | 7 061 | 6 170 | 3 541 |
| Busette vaksne | 6 580 | 4 096 | 1 141 |
| Gjennomsnittleg ventetid frå saksoppretting til busetting (i mnd.) | | | |
| - totalt | 13,6 | 16,7 | 15,5 |
| - einslege mindreårige | 11,2 | 19,1 | 19,3 |
| - personar i bornefamiliar | 12,9 | 15,3 | 14,2 |
| - vaksne | 14,9 | 18,5 | 18,9 |
| Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting (i mnd.) | | | |
| - totalt | 4,8 | 5,0 | 4,9 |
| - einslege mindreårige | 4,1 | 2,8 | 3,8 |
| - personar i bornefamiliar | 4,2 | 4,9 | 4,9 |
| - vaksne | 5,5 | 5,5 | 4,9 |

*Totaltalet inkluderer 27 personar med skjerna identitet.

Målalet for busetting vart våren 2018 auka frå 4 400 til 5 300. Dette heng mellom anna saman med auka i kvota overføringsflyktningar som skulle busettes i 2018. Busettingsbehovet vart i midlertid redusert til om lag 4 900 på hausten, grunna forseinking i ankomsten av nokre av overføringsflyktningane. Det vart busett til saman 4 903 flyktningar i 2018. Busettinga var dermed i tråd med det nye behovet.

Snittet på ventetida for dei busette har vore jamn i 2018, på om lag fem månadar. Dette er på same nivå som i 2017. Det er samstundes ei negativ utvikling for einslege mindreårige. Dette kan skuldest feilkjelder i datagrunnlaget knytta til ventetider for busetting av einslege mindreårige med avgrensa løyve grunna tvil om identitet i 2017, som vart oppdaga i 2018. IMDi har arbeida med UDI for å rette dette i datagrunnlaget for 2018, og det kan vere at ventetidene i 2017 var høgare enn oppgitt.

Medan dei samla ventetidene for dei busette har vore jamn dei siste åra, har ventetidene blant dei busettingsklare auka monaleg sidan 2017. Særleg gjeld dette for bornefamiliar. Dette skuldast i hovudsak at det er fleire blant desse som er i familie med nokon som ikkje har rett til busetting. Det er difor i all hovudsak venta at ventetidene for dei busette vil halde seg på same nivå framover. [Les meir om dei busettingsklare i neste del.](#)

Tabell 2.2 syner den fylkesvise busettinga. Trøndelag er fylket med høgast busetting i 2018, og er samstundes fylket med høgast busetting av overføringsflyktningar. Overføringsflyktningar utgjorde 51 pst av alle busette i 2018. [Les meir om overføringsflyktningar i del 8.](#)

I 2018 var det kun eit fåtal flyktningar som er sjølvbusett etter avtale mellom kommunen og IMDi. Det heng truleg saman med nedgangen i både talet og delen som ikkje er overføringsflyktningar.

2.2 FYLKESVIS BUSETTING (INKLUDERT FAMILIEINNVANDRA)


| FYLKE | Einslege mindreårige | Familiar* | Vaksne** | Busette totalt*** | Kor av overføringsflyktningar | Kor av flyktningar frå mottak | Kor av familieinnvandra frå mottak | Kor av flyktningar utanfor mottakssystemet | Kor av sjølvbusette etter avtale | I tillegg kjem familieinnvandra |
|------------------|----------------------|--------------|--------------|-------------------|-------------------------------|-------------------------------|------------------------------------|--|----------------------------------|---------------------------------|
| Østfold | 9 | 125 | 53 | 187 | 62 | 97 | 5 | 23 | 5 | 38 |
| Akershus | 20 | 265 | 111 | 396 | 138 | 203 | 10 | 45 | 8 | 110 |
| Oslo | 12 | 154 | 144 | 310 | 75 | 186 | - | 49 | 14 | 57 |
| Vestfold | 9 | 99 | 58 | 166 | 30 | 117 | 4 | 15 | 1 | 56 |
| Hedmark | 9 | 171 | 32 | 212 | 143 | 58 | 1 | 10 | 4 | 26 |
| Oppland | 5 | 169 | 23 | 197 | 88 | 91 | - | 18 | 2 | 31 |
| Buskerud | 15 | 209 | 48 | 272 | 161 | 86 | 1 | 24 | 4 | 43 |
| Telemark | 7 | 197 | 29 | 233 | 153 | 69 | 1 | 10 | 3 | 40 |
| Aust-Agder | 6 | 132 | 30 | 168 | 58 | 102 | - | 8 | - | 57 |
| Vest-Agder | 10 | 118 | 89 | 217 | 58 | 137 | - | 22 | 2 | 61 |
| Rogaland | 14 | 297 | 101 | 412 | 224 | 151 | - | 37 | 8 | 96 |
| Hordaland | 17 | 307 | 82 | 406 | 236 | 139 | - | 31 | 10 | 134 |
| Sogn og Fjordane | 7 | 123 | 42 | 172 | 76 | 80 | 3 | 13 | 1 | 40 |
| Møre og Romsdal | 7 | 241 | 37 | 285 | 200 | 66 | 1 | 18 | 1 | 88 |
| Trøndelag | 22 | 368 | 129 | 519 | 294 | 206 | - | 19 | 3 | 155 |
| Nordland | 9 | 267 | 82 | 358 | 220 | 129 | - | 9 | 2 | 110 |
| Troms | 8 | 195 | 40 | 243 | 171 | 61 | - | 11 | 1 | 40 |
| Finnmark | 8 | 104 | 11 | 123 | 93 | 20 | - | 10 | - | 30 |
| Noreg | 194 | 3 541 | 1 141 | 4 903 | 2 480 | 1 998 | 26 | 372 | 69 | 1 212 |

*Familiar består av vaksne og born som er i familie. **Vaksne består av einslege vaksne og vaksne som er i familie der det ikkje er born under 18 år.

***Totaltalet per fylke inkluderer familieinnvandra frå mottak (dette utgjorde 26 personar). Desse er trukke frå i kolonna med dei 1 212 familieinnvandra.

Totaltalet for Noreg inkluderer i tillegg 27 personar med skjerna identitet som ikkje er lista på fylkesnivå.


2.3 BUSETTING (MÅLTAL OG FAKTISK) - MÅNADLEG OG AKKUMULERT



Det vart busett i snitt om lag 400 flyktningar kvar månad i 2018, mot om lag 900 i 2017.

Den månadlege busettinga har variert mellom 155 (juli) og 644 personar (november). Juli er historisk månaden med lågast busetting. 69 pst av dei busette i november var overføringsflyktningar.

2.4 HISTORIKK TERTIALSVIS BUSETTING




Figur 2.4 syner korleis den tertialvis busettinga har vore fordelt kvart år frå 2013 til og med 2018.

Fram til 2017 auka busettinga i alle tertial. Andre og tredje tertial i 2017 braut denne trenden av di busettingsbehovet vart redusert.

Busettinga i 2018 gjentok trenden ein kan sjå i åra forut 2017, kor busettinga er høgast i tredje tertial. Dette hang saman med at mange overføringsflyktningar kom til Noreg tredje tertial. 45 pst av alle overføringsflyktningane vart busett i dei fire siste månadene i 2018.

Busettinga i alle tertial i 2018 var på eit lågare nivå enn andre tertial alle dei føregåande åra i figuren. Ein må tilbake ti år, til 2008, for at den samle busettinga skal vere lågare enn den har vore i 2018.

2.5 ALL BUSETTING




* Totaltalet inkluderer 27 personar med skjerna identitet.
** 67 av overføringsflyktningane vart busett frå mottak.

Av dei 4 903 som vart busett i 2018, var 2 024 busett frå mottak, 2 480 var overføringsflyktningar og 372 personar oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting. I tillegg kjem 27 personar med skjerna identitet.

Delen som oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting, er dobla samanlikna med 2017.


Delen av dei busette som er overføringsflyktningar har auka betydeleg samanlikna med 2017, frå høvesvis 26 til 51 pst. Det heng saman med auka i kvota for overføringsflyktningar, saman med eit lågt tal asylsøkarar til Noreg. Av overføringsflyktningane som vart busett i 2018 var 94 pst del av ein familie. Av dei busette frå mottak, er om lag halvparten del av ein bornefamilie.

2.6 PERSONKATEGORIAR AV BUSETTE



Persondelinga i figuren over syner at personar som er del av ei bornefamilie utgjorde 78 pst, ei auke frå 56 pst i 2017. Auka heng saman med auka i delen overføringsflyktningar, kor det store fleirtalet var familjar. 23 pst av dei busette var vaksne, ein nedgang frå 37 pst i 2017.

2.7 VENTETID (MND) FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING



Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak for alle som er busett i 2018, var på 4,9 månadar. Dette er ein liten nedgang frå 5,0 månadar i 2017. Gjennomsnittleg ventetid til busetting har vore jamn dei siste tre åra, etter ein monaleg nedgong fra 8,4 månadar i 2015.

Medianen for den samla busettinga er 4,4 månadar, noko som tyder at halvparten av dei busette hadde venta mindre enn 4,4 månadar før busetting, og halvparten hadde venta meir enn 4,4 månadar før busetting. Skilnaden på 0,5 månadar mellom gjennomsnittleg ventetid og median tyder at det er nokre av dei busette personane som hadde ei ventetid mykje høgare enn 4,4 månadar.

I 2018 ble det busett 41 personar som hadde ei ventetid på to år eller meir sidan vedtak om opphald. Blant desse, var det fleire som oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting. IMDi byrjar ikkje å leite etter busettingskommune for desse før dei tek kontakt og ber om busetting med offentlig hjelp. Andre hadde omfattande helseutfordringar, som krevde særskilt tilrettelegging ved busetting. Det er ofte tidkrevjande å finne ein busettingskommune som har eit passende botilbod for desse. Samstundes har fleire av desse utfordringar som vil forårsake store utgifter for kommunane ut over perioden som dekkast av særskilt tilskot for busetting. [Les meir om dette tilskotet i del 9.](#)

Nokre av dei som hadde venta lengst var del av ein familie kor ein eller fleire familiemedlemmar ikkje hadde rett på busetting. [Les meir om desse familiane i del 5.](#)

2.8 VENTETID FOR BUSETTE - TOTALT

| Ventetid | IMDi | Bufetat | Totalt |
|---------------|---------------|-----------|---------------|
| 0-3 mnd | 1 466 | 19 | 1 485 |
| 3-6 mnd | 2 481 | 12 | 2 493 |
| 6 mnd - 1 år | 677 | 3 | 680 |
| 1 - 2 år | 163 | 4 | 167 |
| Over 2 år | 41 | - | 41 |
| Totalt | 4 865* | 38 | 4 903* |


Gjennomsnittleg ventetid i månadar **4,5** **4,9** **4,9**

*Totaltala inkluderer 27 med skjerna identitet og 10 busette utan registrert vedtaksdato.

Tabell 2.8 viser ventetida frå vedtak til dei som vart busett i 2018. Blant dei busette er det 208 personar som hadde ei ventetid på over eitt år. Til samanlikning vart det busett 296 personar med ei ventetid på over eitt år i 2017. Det tyder at delen av dei busette med ei høg ventetid er høgare enn førre år.

Ved utgangen av året var det 97 busettingsklare personar med ei ventetid på eitt år eller meir sidan vedtak om opphald, om lag same tal som det var ved inngangen til året. Om lag halvparten av desse har eitt eller fleire familiemedlemmar som ikkje kan busettast. [Du kan lese meir om busettingsklare i del 3.](#)

2.9 HISTORIKK VENTETID (MND.) FØR BUSETTING FRÅ MOTTAK* - TOTALT



*Ventetidene inkluderer ikkje overføringsflyktningar og personer bosatt frå utanfor mottak.

Figuren over syner utvikling i ventetid for alle personar som er busett frå mottak. Der kjem det fram at ventetida frå vedtak til busetting har gått jamnleg opp frå 2013 fram til 2015. Deretter har det vore ein nedgang i ventetid frå vedtak til busetting, som tyder at busettinga frå mottak har gått raskare enn i åra før. Dette er ei positiv utvikling.

Som det kjem fram av grafen omhandlar nedgangen i all hovudsak tida frå vedtak til utsøking (tildeling av busettingsplass), medan det kun er mindre endringar i tida frå utsøking til busetting. Det vil seie at nedgangen i hovudsak ligg i IMDi sin tidsbruk for å inngå avtale med kommunane om busetting av einskildpersonar. IMDi arbeidar for at denne tida skal bli enda kortare i tida framover. Samstundes vil det vere naturleg å leggje til rette for at tida frå tildeling av kommune og fram til busetting vert redusert ytterlegare. Dette kan oppnås ved at kommunane gjer busettingsplassane tilgjengelege så raskt som mogeleg etter tildelinga.

Tida frå saksoppretting til vedtak er det UDI som rår over.

Del 3: Busettingsklare i mottak

Ved utgangen av 2018 var det berre 208 personar som venta på at IMDi skulle tildele dei ein kommune. I tillegg kjem dei som venta på busettingssamtale og dei med familiemedlemmar som ikkje skal busettast.

Samstundes var 131 tildelt ein kommune, men venta på å flytte til kommunen. Til saman var det difor 582 personar i mottak ved utgangen av året som var busettingsklare.

3.1 NØKKELTAL FOR BUSETTINGSKLARE - HISTORIKK

| | 31.12 2016 | 31.12 2017 | 31.12 2018 |
|--|---------------|---------------|---------------|
| Busettingsklare i mottak | | | |
| - totalt | 4 174 | 1 045 | 582 |
| - kor av einslege mindreårige | 219 | 71 | 23 |
| - kor av personar i bornefamiliar | 1 622 | 582 | 352 |
| - kor av vaksne | 2 333 | 392 | 207 |
| Lengeventande i mottak | | | |
| - totalt | 761 | 344 | 219 |
| - kor av einslege mindreårige | 101 | 35 | 5 |
| - kor av personar i bornefamiliar | 434 | 210 | 189 |
| - kor av vaksne | 226 | 99 | 25 |
| Gjennomsnittleg ventetid for busettingsklare i mottak (mnd) | | | |
| - totalt | 3,4 | 5,5 | 7,0 |
| - kor av einslege mindreårige | 3,8 | 5,7 | 4,1 |
| - kor av personar i bornefamiliar | 3,5 | 5,8 | 9,1 |
| - kor av vaksne | 3,4 | 4,9 | 3,9 |

Talet på flyktningar i mottak som ventar på busetting (busettingsklare) har gjennom 2018 vore på det lågaste nivået sidan IMDi vart oppretta i 2006. Dette heng mellom anna saman med låge inkomstar av asylsøklarar. Talet på busettingsklare er venta å halde seg lågt i tida framover.

Tabell 3.1 syner at ventetida frå vedtak for dei som ventar på busetting har gått ned for einslege mindreårige og vaksne sidan 2017. Samstundes har den auka monaleg for personar i bornefamiliar. Når talet på busettingsklare er såpass lågt, vil dei med særleg høg ventetid ha større utslag på den gjennomsnittlege ventetida. Dette kjem fram ved at median ventetid er på 2,1 månadar, noko som tyder at det er ein gruppe personar med særleg høg ventetid som medverkar til å auke snittet.

Utviklinga i ventetid for bornefamiliar har vore særleg negativ, med ei auke i ventetid frå 5,8 månadar ved utgangen av 2017, til 9,1 ved utgangen av 2018. Dette kan tyde på at det blant dei 352 busettingsklare personane i bornefamiliane er personar med særskilte behov som gjer at tilretteleggjing før busetting tek lengre tid. Samstundes er det i halvparten av bornefamiliane ein eller fleire som har eit vedtak som ikkje gir grunnlag for busetting, som bidrar til at den gjennomsnittlege ventetida aukar. [Les meir om dette under tabell 5.3. i delen om familiar.](#)

Ventetida for einslege mindreårige har gått betydeleg ned frå 5,7 månadar ved utgangen av 2017, til 4,1 månadar. Dette heng saman med at ein del einslege mindreårige med særleg høg ventetid har vorte busett tidleg i 2018, samstundes som mange vert busett raskt i løpet av året.

3.2 VENTETID FOR BUSETTINGSKLARE I MOTTAK - TOTALT


| Ventetid | IMDi | Bufetat | Totalt |
|---|-------------|------------|-------------|
| 0-3 mnd | 337 | 8 | 345 |
| 3-6 mnd | 37 | 1 | 38 |
| 6 mnd - 1 år | 98 | 1 | 99 |
| Over 1 år | 95 | 2 | 97 |
| Totalt | 570* | 12 | 582* |
| Gjennomsnittleg ventetid i månadar | 7,1 | 4,9 | 7,0 |

* Totaltalet inkluderer 3 personar utan registrert vedtaksdato.

Ved utgangen av 2018 var det 97 busettingsklare personar som hadde venta meir enn eitt år frå vedtak om opphald. Dette er på nivå med talet ved utgangen av 2016 og 2017, tross i at talet på busettingsklare er nært halvert. Det vil vere viktig å prioritere dei med lengst ventetid i busettingsarbeidet, for å unngå ei ytterlegare auke i delen lengeventande framover. [Les meir om dei lengeventande på neste side.](#)

Tabell 3.2 syner at 34 pst venta på busetting lengre enn målsettinga på seks månadar sidan vedtak. Dette er ei auke frå 26 pst sidan 2017.

3.3 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - TOTALT




Før IMDi si sakshandsaming kan byrje, må kvar einskild person ha ein busettingssamtale i mottak. Ved utgangen av 2018 var det 161 personar som venta på denne samtalen, medan IMDi hadde starta sakshandsaminga for 208 personar. Av dei totalt 582 som venta på busetting ved utgangen av 2018, var det 131 som allereie var tildelt ein kommune (søkt ut). Dette svarar til 23 pst av dei busettingsklare.

I tillegg kjem 82 personar som er i familie med ein eller fleire som har eit vedtak som ikkje gir grunnlag for busetting. Alle desse kjem inn under betegninga «busettingsklare», sjølv om dette er eit omgrep med nyansar.

Figur 3.3 syner og at dei fleste kategoriane varierer i takt med det totale talet på busettingsklare. Samstundes kan ein sjå at delen som er tildelt ein kommune er lågare ved utgangen av året enn den har vore i tidlegare månader. Det kan henge saman med at oppmodinga for 2019 vart sendt i desember 2018, og at fleire kommunar ikkje har fatta vedtak om busettingsplassar for 2019 endå. [Les meir om vedtaks plassar i del 10.](#)

Det er ynskjeleg at færrest mogleg ventar på busettingsamtale. IMDi byrjar arbeidet med å finne ein busettingskommune etter at samtalen er gjennomført for å kunne ta omsyn til informasjon som kan ha kome fram. Når IMDi rapporterer på gjennomsnittleg ventetid frå vedtak, tel vi og med tida som går medan dei ventar på busettingsamtalen i UDI-mottaket.

3.4 UTVIKLING FOR VENTANDE I MOTTAK - TOTALT



Talet på busettingsklare i mottak har gjennom 2018 vore på det lågaste nivået sidan IMDi vart oppretta i 2006. Dette heng mellom anna saman med høg busetting i 2017 og låge inkomstar av asylsøkjjarar.


Talet på busettingsklare i mottak er redusert frå 4 174 personar for to år sidan, til 582 ved utgangen av 2018. Det er samstundes ei halvering i løpet av året. Talet er venta å halde seg lågt framover.

Som figur 3.4 syner har talet på dei som har venta lengre enn målsettinga (som vi kallar lengeventande) vorte nesten halvert sidan starten av 2018. Medan dette er ei positiv utvikling, har det vore ei samanhengande auke i delen lengeventande frå 2017. Delen haldt fram med å auke gjennom første og andre tertial 2018. I tredje tertial er det ei positiv utvikling, og delen har gått igjen gått ned. Medan 58 pst av dei busettingsklare var lengeventande ved utgangen av mars i 2018, var delen redusert til 38 % ved utgangen av året.

3.5 BUSETTINGSKLARE TOTALT - VENTETID* OG BUSETTINGSPLASS

- Lengeventande - med busettingsplass
- Lengeventande - utan busettingsplass
- Ventande under 3/6 mnd - med busettingsplass
- Ventande under 3/6 mnd - utan busettingsplass

* Einslege mindreårige og born i familie vert rekna som lengeventande etter tre månadar. Alle andre vert rekna som lengeventande etter 6 månadar. Tre personar utan vedtaksdato er ikkje inkludert i figuren.



Det var ei negativ utvikling for dei lengeventande gjennom 2017. Ved inngangen til 2017 var 20 pst lengeventande, medan 33 pst av dei busettingsklare var lengeventande ved årsskiftet. Gjennom 2018 har delen auka, samstundes med at talet på busettingsklare har gått jamt nedover. Del av forklaringa kan vere nettopp det låge talet på busettingsklare. Dette kan medføre at ein større del av dei busettingsklare har hatt særskilte behov som gjer at arbeidet med å finne ein busettingskommune vert meir tidkrevjande. I årets siste månader har delen lengeventande gått ned igjen, samstundes som talet busettingsklare er det lågaste det har vore sidan IMDi vart oppretta i 2006.

Figuren syner at 35 av dei 219 lengeventande har blitt tildelt ein busettingskommune. Det vil vere viktig å halde fokus på å busette dei med lengst ventetid i tida framover. Dei gule felte i figuren over tyder at 62 pst av dei busettingsklare har ei ventetid som er innanfor målsettinga.

Det er bornefamiliar som har høgast del lengeventande, kor 54 pst har venta i meir enn 3 månadar. I tillegg til samansetninga av dei busettingsklare som omtala tidlegare, skuldast dette mellom anna at kartlegginga og oppretting av egne botilbod for samtlege familiemedlem ofte er tidkrevjande. [Les meir om familiar i del 5.](#)

Gruppa med lågast del lengeventande er einslege vaksne og vaksne i familiar utan born under 18 år, med 12 pst. [Les meir om denne gruppa i del 6.](#)


Dei uprikka felte i figur 3.4 gjeld dei som allereie er tildelt ein kommune (søkt ut). Av desse, vart 77 pst tildelt ein kommune innan 2 månadar etter vedtak om opphaldsløyve.

Del 4: Einslege mindreårige

Det vart busett 194 einslege mindreårige i 2018, kor av 35 vart busett av Bufetat. Talet på busettingsklare einslege mindreårige var 23 personar ved utgangen av året.

Den opphavelige oppmodinga som vart sendt til kommunane for 2018 gjaldt busettingsplassar for 154 einslege mindreårige, men blei i juni auka til 270 busettingsplassar. Auka heng saman med løyver til nokon av dei såkalla «oktoberborna», som fekk sin søknad vurdert på nytt. [Les meir om busettingsplassar i del](#)


4.1 MÅNADLEG BUSETTING AV EINSLEGE MINDREÅRIGE 2017 OG 2018



Busettinga per månad i 2018 heng saman med det låge busettingsbehovet for einslege mindreårige, som svarar til om lag ein fjerdedel av busettinga i 2017. Det er difor ei venta utvikling at det er lågare busetting i samtlege månadar i 2018 samanlikna med i 2017. Medan november var månaden med høgast busetting totalt i 2018, var juni var månaden med høgast busetting av einslege mindreårige.

I februar 2017 vart det slutta at IMDi skal busette einslege mindreårige med avgrensa løyve grunna tvil om identitet, som har søkt om fornying av løyvet. Ved utgangen av 2018 hadde 4 av dei 23 busettingsklare einslege mindreårige eit slikt løyve, medan 63 var busett. 46 av dei einslege mindreårige som vart busett i 2018 var blant dei såkalla «oktoberborna». Av desse, hadde alle med unntak av ein ei avgrensing i løyvet grunna tvil om identitet.


4.2 BUSETTING EINSLEGE MINDREÅRIGE



Av dei 194 busette einslege mindreårige kom 173 frå mottak, kor av 80 pst vart busett av IMDi. Som hovudregel busetter IMDi einslege mindreårige over 15 år, medan Bufetat busetter dei under 15 år.

Av dei busette einslege mindreårige i 2018, hadde 37 fylt 18 år før busetting. Desse vert rekna inn i talet på busette vaksne, og ikkje i talet for einslege mindreårige. Dei kan likevel utløyse særskilt kommunalt tilskot for busetting av einslege mindreårige. Samla var det difor til busett 231 personar som kan utløyse dette tilskotet.


4.3 MÅNADLEG MÅLOPPNÅING - EINSLEGE MINDREÅRIGE



Av dei einslege mindreårige som vart busett i 2018, hadde 63 pst ei ventetid på under 3 månadar. Dette overstig målkravet på 50 pst. Dette er ei positiv trend som har haldt fram frå 2017. Samstundes er 86 pst busett innan 6 månadar etter vedtak.

Måloppnåinga for einskildmånadar har variert mellom 27 pst (november) og 91 pst (desember). Når det busettes så få kvar månad som i 2018, kan den einskildes ventetid ha stor innverknad på måloppnåinga.


4.4 DEL EINSLEGE MINDREÅRIGE BUSETT INNAN 3 MÅNADAR ETTER VEDTAK



Som figur 4.4 syner, har måloppnåinga for dei som er busett av Bufetat halde seg på same nivå i 2018 som i 2017, medan måloppnåing for dei som er busett av IMDi har minka.

IMDi har ein mindre nedgang i måloppnåing frå 67 pst i 2017 til 64 pst. Dette kan skuldest feilkjelder i datagrunnlaget knytta til ventetider for busetting av einslege mindreårige med avgrensa løyve grunna tvil om identitet i 2017, som vart oppdaga i 2018. IMDi har arbeida med UDI for å rette dette i datagrunnlaget for 2018, og det kan vere at måloppnåinga i 2017 var lågare enn oppgitt.

4.5 HISTORIKK VENTETID (MND.) FØR BUSETTING FRÅ MOTTAK - EINSLEGE MINDREÅRIGE (IMDi OG BUFETAT SAMLA)



Figur 4.5 syner utviklinga i ventetider for einslege mindreårige som er busett frå mottak. Ventetida har auka frå 2,8 månadar i 2017 til 3,6 månadar i 2018. Del av forklaringa, er feilkjelder i datamaterialet som beskreve under 4.4. Samstundes har nokre einslege mindreårige med særleg høg ventetid har vorte busett.

Figuren syner at det er ei auke i tida IMDi brukar frå vedtak om opphaldsløyve til tildeling av kommune plass. Medan den er lågare enn åra før 2017, vil det vere viktig å identifisere årsakar og iverksette tiltak for å redusere unødig tidsbruk i sakshandsaminga.

4.6 BUSETTINGSKLARE EINSLEGE MINDREÅRIGE - BUSETTINGSPLASS OG VENTETID

| | IMDi | | Bufetat | | Totalt | |
|---------------|---------------|-----------------------|---------------|-----------------------|---------------|-----------------------|
| | kor av totalt | kor av utan bus.plass | kor av totalt | kor av utan bus.plass | kor av totalt | kor av utan bus.plass |
| 0-3 mnd | 9 | 4 | 8 | 6 | 17 | 10 |
| 3-5 mnd | - | - | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 6-8 mnd | - | - | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 9-11 mnd | - | - | - | - | - | - |
| Over 12 mnd | 1 | - | 2 | - | 3 | - |
| Totalt | 11* | 5* | 12 | 8 | 23* | 13* |


* Totaltala inkluderer ein einsleg mindreårig utan utan vedtaksdato.

Talet på busettingsklare einslege mindreårige har vore låg gjennom heile 2018, og blitt lågare gjennom året. Dei tel no kun ein ein tredel av kva dei gjorde ved utgangen av 2017. Delen einslege mindreårige under 15 år utgjer no 52 pst av dei busettingsklare, ei auke frå 47 pst frå utgangen av førre år.

Den samla gjennomsnittlege ventetida for dei busettingsklare einslege mindreårige er no 4,1 månadar. Det er viktig å ta med i betraktninga at det er særleg få einslege mindreårige. Median ventetid for denne gruppa er 1,1 månadar. Det betyr at det er einkildpersonar med særleg høg ventetid gir stort utslag på den gjennomsnittlege ventetida.


Det er stor skilnad i ventetid mellom dei ulike gruppene einslege mindreårige. Ventetida for dei som bur i omsorgssentrene til Bufetat er 4,9 månadar, medan den er på 1,0 for dei som bur i UDI-mottak for einslege mindreårige.

4.7 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - EINSLEGE MINDREÅRIGE



Ved utgangen av 2018 hadde 43 pst av dei 23 busettingsklare einslege mindreårige blitt tildelt busettingsplass i ein kommune. Av desse, vart 80 pst tildelt ein kommune innan 2 månadar etter vedtak om opphaldsløyve.

4.8 UTVIKLING FOR VENTANDE I MOTTAK - EINSLEGE MINDREÅRIGE




Figuren over syner utviklinga for busettingsklare einslege mindreårige det siste året. Figuren syner at talet på busettingsklare har gått betydeleg ned gjennom 2018. Dersom ein sjår tilbake til utgangen av juni 2017, var talet 391. Den monalege nedgangen heng saman med høg busetting dei siste månadene i 2017, og eit lågt tal på nye busettingsklare som har haldt fram i 2018.

Delen lengeventande einslege mindreårige har minka til 22 pst, frå 49 pst ved same tid i 2017. Det er ei positiv utvikling at delen lengeventande har gått ned samstundes som det totale talet på busettingsklare einslege mindreårige har gått ned. Det tyder at ein har lukkast i å busette dei som har venta lengst først.

Del 5: Familjar

Det vart busett 3 541 personar som var del av ei familieei-ning. 2 013 av desse var born under 18 år. Samstundes var det ved utgangen av året 352 busettingsklare personar i familieeiningar kor av 209 var born under 18 år.


5.1 BUSETTE FAMILIAR - PERSONKATEGORIAR



78 pst av dei totalt 4 903 busette i 2018 var del av ein bornefamilie. Totalt utgjorde dette 3 541 personar i 778 familjar. Dette inkluderer gruppene born i familie og vaksen i familie med born.

Figuren over syner at under halvparten av personane i familieeiningane var vaksne, medan born utgjorde 57 pst.

5.2 BUSETTING FAMILIAR



Det har vore ei auke i delen av dei busette som er del av ein bornefamilie dei siste åra. Medan auka delte seg jamnt på gruppene busett frå mottak og dei som vart busett som overføringsflyktningar i 2017, er det i 2018 ei markant auke i delen som er overføringsflyktningar. Dei utgjør 66 pst av dei busette bornefamiliane. Det er ei auke frå 41 pst i 2017.

Dette heng saman med at overføringsflyktningar utgjør ein større del av den samla busettinga samanlikna med tidlegare år. Medan 26 pst av dei busette i 2017 var overføringsflyktningar, utgjorde dei 51 pst av dei busette i 2018. 94 pst av dei busette overføringsflyktningane, var del av ein bornefamilie.

[Les meir om overføringsflyktningar i del 8.](#)

209 av dei busette familiepersonane oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting.

5.3 BUSETTE FAMILIAR - MED OG UTAN RETT TIL BUSETTING

| | BORN | | FAMILIE-EININGAR | |
|---|--------------|--------------|------------------|--------------|
| | Tal | Del av total | Tal | Del av total |
| Fam der alle har rett til busetting | 1 966 | 99 % | 753 | 99 % |
| Fam der ikkje alle har rett til busetting | 47 | 1 % | 25 | 1 % |
| TOTALT | 2 013 | 100 % | 778 | 100 % |

Den største familien som vart busett i 2018 var på 11 personar. Den storleiken som forekom hyppigast var på fire personar, i likhet med snittet. Det kan vere krevjande for kommunane å skaffe bustad for dei største familiane eller gjere andre tilretteleggingar før busetting.

IMDi prioriterer busetting av bornefamiljar på lik linje med einlege mindreårige. Busetting av bornefamiljar er tidkrevjande av fleire grunnar. Mellom anna skal det gjennomførast ei kartlegging av eventuelle behov for tilretteleiing av kvar einskild person (til dømes plass i skule og bornehage).


Dei fleste familiane som vart busett i 2018, var del av ein familie der alle hadde rett til busetting med offentleg hjelp. Dette gjaldt heile 99 pst av familiane.

I bornefamiljar er det ei særskild utfordring når eitt eller fleire familiemedlem har vedtak som ikkje gir grunnlag for busetting. Løysinga for desse familiane er at dei får ein kommune å flytte til, og at det lagast ei særordning for dei i familien som ikkje har opphaldsløyve. Det er utfordrande å få til slike avtalar med kommunane, ettersom personane utan ordinært løyve verken utløyser integreringstilskot eller har rett på introduksjonsstønad eller introduksjonsprogram.

Halvparten av dei 132 familiane som venta på busetting ved utgangen av 2018, hadde eitt eller fleire medlem utan grunnlag for busetting. Til samanlikning hadde berre ein prosent av familiane som vart busett i 2018 eitt eller fleire medlem med eit slikt løyve. Den store skilnaden syner kor krevjande det er å få busett familjar der eitt eller fleire medlem ikkje har rett på busetting.

I forbindelse med behandling av revidert nasjonalbudsjett for 2018 i juni, beslutta Stortinget at bornefamiljar med begrensa løyve i påvente av dokumentert identitet skal busettes. Dette løyser problemstillinga for nokre av familiane beskreve over, med unnateke av familiane der nokon har eit løyve med ei anna avgrensing. For mange av desse familiane tek kartleggjing lengre tid, av di fleire bur utanfor mottak. 31 bornefamiljar med begrensa løyve i påvente av dokumentert identitet vart busett i 2018.

5.4 MÅNADLEG MÅLOPPNÅING - FAMILIAR




IMDi har som målsetting at bornefamiliar skal busettast innan tre månadar etter vedtak.

Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting for bornefamiliane som vart busett i 2018, var 4,9 månader. Familiane hadde ei ventetid som svara til ei samla måloppnåing på 24 pst. Dette har vore den gjennomsnittlege måloppnåinga for bornefamiliar dei siste fem åra. Figuren syner at det har vore ei svært positiv utvikling mot slutten av året, og 67 pst av dei busette som var dei av ein familieeining i desember vart busett innan tre månadar etter vedtak.

Den samla låge måloppnåinga heng mellom anna saman med dei mange hensyna som er omtala under punkt 5.3. Samstundes som kun 24 pst vart busett innan tre månadar, var 82 pst av bornefamiliane busett innan 6 månadar etter vedtak om opphald.


5.5 HISTORIKK VENTETID (MND) FØR BUSETTING FRÅ MOTTAK - FAMILIAR



Figur 5.5 syner historikk i gjennomsnittleg ventetid for busette familiar frå mottak. Ventetidene har gått ned sidan 2015, frå 7,8 månadar til 5,0 dei siste to åra. Dette er ei svært positiv utvikling.

For å oppnå målsettinga om at bornefamiliar innan tre månadar, er det likevel naudsynt at ventetidene reduserast ytterlegare. Både IMDi og kommunane må korte ned tidsbruken, både frå vedtak til tildeling av kommune og frå tildeling av kommune til busetting.

5.6 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - PERSONAR I FAMILIEEININGAR



Av dei 378 personane i bornefamiliar som var busettingsklare ved utgangen av 2018, var 235 born. 32 pst av familiepersonane hadde fått tilbod om busettingsplass.

5.7 BUSETTINGSKLARE FAMILIAR - MED OG UTAN RETT TIL BUSETTING*

| | BORN | | FAMILIEEININGAR | |
|---|------------|--------------|-----------------|--------------|
| | Tal | Del av total | Tal | Del av total |
| Fam der alle har rett til busetting | 128 | 61 % | 66 | 50 % |
| Fam der ikkje alle har rett til busetting | 81 | 39 % | 66 | 50 % |
| TOTALT | 209 | 100 % | 132 | 100 % |

*Tala inkluderar born i familie både med og utan busettingsplass

50 pst av dei busettingsklare bornefamiliane hadde eitt eller fleire familiemedlemmar som ikkje hadde rett til busetting, ei mindre auke frå 47 pst ved utgangen av 2017.

5.8 BUSETTINGSKLARE PERSONAR I FAMILIEEININGAR*

| Ventetid | Kompliserande vedtak | Ukompliserande vedtak | Totalt |
|--|----------------------|-----------------------|------------|
| Under 3 mnd | 21 | 140 | 161 |
| 3-6 mnd | 3 | 19 | 22 |
| 6 mnd - 1 år | 11 | 76 | 87 |
| Over 1 år | 54 | 26 | 80 |
| Totalt** | 90 | 262 | 352 |
| Gjennomsnittleg ventetid i månada | 22,0 | 4,6 | 9,1 |

*Tala inkluderar personar som er blitt tildelt ein kommune, men som ventar på å flytte til kommunen.

** Tala inkluderar to personar med ukjent vedtaksdato

Den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak for busettingsklare personar i familieeiningar har auka frå 5,8 månadar ved utgangen av 2017 til 9,1 månadar ved utgangen av 2018. Lågare ventetid ser ein viss ein trekk frå personar i familie med nokon som har vedtak som ikkje gir grunnlag for busetting (i tabellen kalt kompliserande vedtak). Den store skilnaden er med på å synleggjere den store utfordringa det er å busette personar som er i familie med nokon som ikkje har rett til busetting.

Samstundes har 121 av personane i bornefamiliar utan slike kompliserande vedtak ei ventetid som er lengre enn målsettinga. Det vil vere viktig å prioritere desse for busetting.

Del 6: Vaksne

Denne persongruppa inkluderer einslege vaksne og vaksne som er i familiar der det ikkje er born under 18 år.

Ventetida deira har vore jamn gjennom 2018, og var lik som for den totale busettinga i 2018.


6.1 BUSETTING VAKSNE



I 2018 vart det busett 1 141 einslege vaksne og vaksne som er i familiar der det ikkje er born under 18 år. Av desse vart 862 busett frå mottak og 128 var overføringsflyktningar. I tillegg vart det busett 151 personar som oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting, noko som utgjer 13 pst. Det er ei monaleg auke frå 3 pst til same tid i fjor. Det er opp til den einskilde personen om ein vil bu i mottak eller bu privat medan asylsøknaden vert sakshandsama. Medan delen har auka, er talet om lag på same nivå som til same tid i fjor.

Samla utgjer vaksne 23 pst av alle busette i 2018. Dette er ein nedgang frå høvesvis 37 pst og 43 pst samanlikna med den samla busettinga i 2017 og 2016. Dette skuldast mellom anna nedgangen i talet asylsøkjjarar til Noreg, kombinert med auka i delen av dei busette som er overføringsflyktningar. Overføringsflyktningane er i all hovudsak familiar.


6.2 VENTETID (MND) FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING - EINSLEGE VAKSNE



Ventetida for dei vaksne er lik som for den samla busettinga, og dei ventar i snitt 4,9 månader frå vedtak til busetting. Ventetida frå vedtak om opphald til busetting har gått ned frå 5,5 månader dei to føregåande åra.

Om ein skil mellom einslege vaksne og vaksne i familiar utan born under 18 år, er ventetida høvesvis 4,9 og 4,7 månader. Skilnaden er redusert betrakteleg sidan 2017, kor familiar utan born under 18 år venta om lag ein måned lenger enn einslege vaksne før busetting.

6.3 MÅNADLEG MÅLOPPNÅING - VAKSNE



Det er ei målsetting at 90 pst av alle vaksne skal busettast innan 6 månadar etter vedtak om opphald.

Måloppnåinga for vaksne har variert frå 67 pst (januar) til 92 pst (november). Dette har gitt ei samla måloppnåing på 83 pst i 2018. For dei busette vaksne i 2018, er det 80 personar som skil mellom måloppnåinga på 83 pst og målsettinga på 90 pst.

6.4 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - VAKSNE



Blant dei 207 busettingsklare vaksne i mottak, var det berre 22 pst som hadde fått tilbod om busettingskommune. IMDi har starta sakshandsaminga for dei 103 personane som har gjennomført busettingssamtale på mottaket.


Det er 25 vaksne som har venta lengre enn målsettinga på seks månader og som difor reknast som lengeventande. Dei utgjer 12 pst av dei busettingsklare vaksne. Det har vore ei positiv utvikling for dei vaksne i mottak, og delen lengeventande er meir enn halvert frå inngangen av 2018.

Den gjennomsnittlege ventetida for persongruppa vaksne som ventar i mottak er no 3,9 månader frå vedtak. Dette er ein nedgang frå 4,9 månader ved utgangen av 2017. Dette er ei positiv utvikling. Vaksne er no den persongruppa blant dei busettingsklare med lågast ventetid.

Samstundes skal IMDi prioritere busetting av bornefamiliar og einslege mindreårige framfor vaksne, noko som kan føre til at ventetidene for denne gruppa auker framover.

Del 7: Nasjonalitet

7.1 NASJONALITET BUSETTE



Det vart busett personar frå 44 ulike nasjonar i 2018. I tillegg kjem statslause. Dei tre største nasjonalitetsgruppene var syrarar, kongolesarar og eritrearar. Syrarar utgjorde heile 50 pst av dei busette, medan kongolesarar og eritrearar utgjorde høvesvis 15 pst og 12 pst. Dei øvrige nasjonalitetsgruppene utgjorde til saman 23 pst.

Kongolerarar er ny blant dei største nasjonalitetsgruppene, samanlikna med dei førre åra. Det skuldast at fleire av overføringsflyktningane som vart busett i 2018 var kongolerarar.

Dei einslege mindreårige som vart busett i 2018, kom frå 13 ulike nasjonar. I tillegg kjem statslause. Afghanistanar er framleis den største gruppa, og utgjorde 58 pst av dei busette einslege mindreårige. Eritrearar og syrarar utgjorde høvesvis 19 pst og 11 pst. Dei øvrige nasjonalitetsgruppene utgjorde til saman 12 pst.

7.2 BUSETTE - NASJONALITET OG MÅLOPPNÅING


| Nasjonalitet | Totalt | Del busett innan 6 mnd | Del busett innan 12 mnd |
|---------------|---------------|------------------------|-------------------------|
| Syria | 2 419 | 77 % | 91 % |
| DR Kongo | 709 | 93 % | 100 % |
| Eritrea | 605 | 82 % | 93 % |
| Afghanistan | 275 | 67 % | 84 % |
| Irak | 148 | 27 % | 61 % |
| Tyrkia | 137 | 71 % | 78 % |
| Iran | 130 | 41 % | 62 % |
| Statslaus | 88 | 61 % | 78 % |
| Sudan | 60 | 83 % | 87 % |
| Etiopia | 58 | 45 % | 59 % |
| Andre | 247 | - | - |
| Totalt | 4 903* | 83 % | 97 % |

*Totaltalet inkluderer 27 personar med skjerna identitet.

Tabellen over syner samanhengen mellom nasjonalitet og måloppnåing. Dei busette syrarane, som utgjør den største nasjonalitetsgruppa, har ei måloppnåing på seks prosentpoeng under den samla busettinga.

Lågast måloppnåing finn ein blant busette frå Irak og Iran. Av di det er så få som er busett frå desse nasjonalitetsgruppene, får busette med lang ventetid stor påverknad på måloppnåinga. Nasjonalitetsgruppa med høgast måloppnåing, er kongolesarar. Av desse, er 99 pst overføringsflyktningar.

7.3 NASJONALITET BUSETTINGSKLARE



Dei 582 busettingsklare personane i mottak ved utgangen av 2018, kom frå til saman 25 nasjonar. I tillegg kjem statslause. Syrarar var den største nasjonalitetsgruppa, og utgjorde 24 pst. Etter syrarar fulgte eritrearar med 23 pst, og afghanarar med 14 pst. Dei øvrige nasjonalitetsgruppene utgjorde til saman 39 pst.

Dei 23 busettingsklare einslege mindreårige kom frå til saman seks ulike nasjonar. Afghanistanar var den største nasjonalitetsgruppa, og utgjorde 43 pst. av alle busettingsklare einslege mindreårige.

7.4 BUSETTINGSKLARE I MOTTAKE - NASJONALITET OG PERSONKATEGORI

| Nasjonalitet | Einslege kvinner | Einslege menn | Familiær, kvinner | Familiær, menn | Totalt |
|---------------|------------------|---------------|-------------------|----------------|------------|
| Syria | 15 | 40 | 48 | 39 | 142 |
| Eritrea | 30 | 30 | 54 | 22 | 136 |
| Afghanistan | - | 63 | 13 | 6 | 82 |
| Irak | 2 | 1 | 28 | 22 | 53 |
| Etiopia | 2 | 2 | 35 | 9 | 48 |
| Somalia | - | 2 | 21 | 10 | 33 |
| Iran | 1 | 7 | 4 | 7 | 19 |
| Statsløs | 1 | 4 | 5 | 3 | 13 |
| Russland | - | - | 6 | 4 | 10 |
| Sudan | 1 | - | 2 | 5 | 8 |
| Andre | 4 | 7 | 18 | 9 | 38 |
| Totalt | 56 | 156 | 234 | 136 | 582 |

Tabellen over syner korleis fordelinga er mellom kjønn, nasjonalitet og personkategori blant dei busettingsklare ved utgangen av 2018. Den største einskildgruppa i tabellen er einslege menn/gutar frå Afghanistan, som utgjorde 11 pst av alle busettingsklare.

Blant einslege var det 26 pst kvinner, medan kvinner utgjorde 63 pst av personar som er del av ein familieeining. Samla sett utgjorde kvinner 46 pst av dei busette og halvparten av dei busettingsklare ved utgangen av 2018.

Del 8: Overføringsflyktningar

8.1 BUSETTING AV OVERFØRINGSFLYKTNINGAR

| | |
|------------------------|--------------|
| Busette | 2 480 |
| Bodsendte, ikkje komne | 158 |
| Totalt | 2 638 |

Overføringsflyktningar, også kalt kvoteflyktningar, er flyktningar som busettes direkte frå utlandet til ein kommune i Noreg. Det er Stortinget som kvart år avgjer kor mange kvoteflyktningar som skal få vedtak om opphald i Noreg. Kvota for overføringsflyktningar i 2018 vart auka frå 1 120 til 2 120, kor av 1 000 skulle vere kongolesarar og 700 syrarar.

I 2018 var det busett 2 480 overføringsflyktningar, som er om lag på nivå som i 2017. Dette tross i at det samla er busett under halvparten så mange flyktningar i 2018 samanlikna med førre år. Overføringsflyktningar utgjorde 51 pst av dei busette i 2018. Dette er ei ny utvikling, som er venta å vedvare neste år. Dette heng saman med låg innkost av asylsøkarar.

Av dei 2 480 som var busett i 2018, var 66 pst syrarar. Dette er ein nedgang frå 94 pst i 2017. 28 pst av dei busette overføringsflyktningane, var kongolesarar. Dette heng saman med den auka kvoten for denne nasjonalitetsgruppa.

Det vart gjennomført til saman sju uttakskommisjonar i 2018. IMDi deltek på uttakskommisjonane saman med UDI og PU. I 2018 vart det gjennomført uttakskommisjonar i Libanon, Uganda og Romania. Flyktningane som vart henta frå Romania, vart først evakuert frå Libya. Av di flyktningane ikkje kunne opphelde seg i Romania over lengre tid, kom nokre av dei innom asylmottak i Noreg før dei vart busett i ein kommune. Dette gjaldt til saman 67 personar i 2018. Desse vert prioritert for rask busetting, og hadde ei ventetid på 1,4 månader frå vedtak. Til samanlikning venta dei øvrige overføringsflyktningane 4,8 månader frå vedtak til busetting.

Overføringsflyktningane som ikkje vert intervjuja på uttakskommisjon vert fremma som einskildsakar.

Familiar vert prioritert under uttakskommisjonar. 94 pst av dei busette overføringsflyktningane i 2018 var del av ei familieeiing. I tillegg til dei busette, var 158 overføringsflyktningar bodsendt, men ikkje komne til Noreg enno. Desse vert busett i løpet av dei neste månadane.

Del 9: Særskilt tilskot for busetting

9.1 UTBETALING AV TILSKOT VED BUSETTING AV PERSONAR MED ALVORLEGE FUNKSJONSHEMMINGAR OG/ELLER ÅTFERDSVANSKAR

FH-TILSKOT

| | |
|-------------------|---------------------|
| Tilskot 1: | Tilskot 2: |
| 111,7 mill. kr | 858,8 mill. kr |
| 603 utbetalningar | 1 668 utbetalningar |

I 2018 vart det til saman innvilga 970,5 millionar kroner i særskilt tilskot til kommunar som busett flyktningar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Tilskotet skal dekke ekstraordinære utgifter kommuane har som følgje av busettinga, og kan utbetalast i inntil fem år. Utbetalingane i 2018 delte seg på 2 271 saker.

Utbetalingane i 2018 utgjer ei auke på om lag 418 millionar kroner samanlikna med 2017. Allereie i juli 2018 var det utbetalt meir i tilskot enn i heile 2017. Det er difor ei betydeleg auke i utbetalningar av tilskotet. Dette heng først og fremst saman med ei auke i talet på utbetalningar samanlikna med 2017, samstundes som det er ei mindre auke i det gjennomsnittlege utbetalingsbeløpet. Talet utbetalningar har auka frå 1 379 til 2 271, ei auke på 65 pst. Det har vore venta at talet på søknadar ville auke i samband med den høge busettinga dei siste åra. Utbetalingane frå 2018 gjeld i stor grad personar som er busett åra før, av di søknadsfristen er om lag eitt år etter busettinga samstundes som det kan utbetalast i inntil fem år.

Utbetalingane i 2018 har gått til 219 kommunar, samanlikna med 183 kommunar i 2017 og 162 i 2016. Dette heng truleg saman med den høge busettinga og det auka talet på kommunar som har busett dei siste åra.

9.2 TILSKOT VED BUSETTING AV PERSONAR MED ALVORLEGE FUNKSJONSHEMMINGAR OG/ELLER ÅTFERDSVANSKAR - KJØNN OG ALDER

| | MANN | KVINNE | TOTALT |
|---------------|--------------|------------|--------------|
| Under 18 år | 813 | 385 | 1 198 |
| 18 - 24 år | 284 | 100 | 384 |
| 25 - 39 år | 257 | 121 | 378 |
| 40 - 59 år | 167 | 112 | 279 |
| Over 60 år | 11 | 21 | 32 |
| Totalt | 1 532 | 739 | 2 271 |

Medan kjønnsdelinga for personar som utløyser tilskotet har vore stabil over tid, har det dei siste åra vore ei auke i delen menn som utløyser tilskotet. Delen har auka til 67 pst i 2018 frå 59 pst i 2016.

Det er mindreårige som utgjer den største einskilde aldersgruppa, og har vore det voer tid. Her er det også ei mindre auke frå tidlegare år. Mindreårige utløyser 53 pst av utbetalingane, samanlikna med 48 pst i 2017.

Del 10: Vedtak om busettingsplassar

Det vart registrert vedtak om 5 270 busettingsplassar i kommunane i 2018. Av desse var 242 øyremerkt einslege mindreårige. Alle kommunane som var oppmoda om å busette flyktningar i 2018, fatta eit positivt vedtak.

10.1 MÅLTAL OG VEDTAK OM BUSETTINGSPLASSAR

| | Totalt |
|--|-----------|
| Måltal for busetting | 5 300 |
| Oppmoda busettingsplassar | 5 350 |
| Vedtak om busettingsplassar | 5 270 |
| Tal på kommunar som er oppmoda (med positivt vedtak) | 224 (224) |

10.2 MÅLTAL OG VEDTAK OM BUSETTINGSPLASSAR FOR EINSLEGE MINDREÅRIGE


| | Totalt |
|--|---------|
| Måltal for busetting | 260 |
| Oppmoda busettingsplassar | 270 |
| Vedtak om busettingsplassar | 242 |
| Tal på kommunar som er oppmoda (med positivt vedtak) | 70 (66) |

Busettingsbehovet for 2018 auka sidan IMDi sende oppmodinga i november 2017. Hovudårsaka til auka er at kvota for overføringsflyktningar i 2018 auka frå 1 120 til 2 120. I tillegg kjem sakshandsaminga av dei såkalla "oktoberborna", som i hovudsak er afghanske einslege mindreårige som fekk sin søknad vurdert på nytt. Måltalet for busetting vart difor auka frå 4 400 til 5 300, samstundes som måltalet for einslege mindreårige vart satt til 260. Det er Nasjonalt Utval for busetting som fastsettar måltalet. Grunna auka i behovet, sende IMDi ut ei tilleggsoppmoding til 120 kommunar i juni. Tilleggsoppmodinga var på 948 plassar, kor av 116 plassar til einslege mindreårige.

Det vart i 2018 registrert vedtak om 5 270 busettingsplassar i kommunane.

IMDi hadde ved utgangen av året disponert 93 pst av dei 5 270 plassane til busetting. Busettingsbehovet endra seg igjen etter at det vart auka til 5 300, ned til 4 900. Busettinga på 4 903 var i så måte i tråd med behovet. Dette innebar at ikkje alle plassane i kommunane vart nytta i 2018. IMDi arbeider for at alle plassane som kommunane til ein kvar tid stiller til disposisjon skal nyttast.

10.3 BUSETTINGSVEDTAK I HØVE TIL OPPMODING



Av dei 224 kommunane som vart oppmoda om å busette flyktningar i 2018, sa 207 av dei ja til det talet IMDi ber om. Samstundes sa 17 av dei ja til færre flyktningar enn dei vart oppmoda om.

I 2018 var det ingen kommunar som sa nei til oppmodinga frå IMDi. Det er første gong ingen kommunar som er oppmoda seier nei til å busette flyktningar sidan IMDi var oppretta i 2006. Dette tyder at mange kommunar har oppretta eit robust kommuneapparat for busetting av flyktningar etter fleire år med høg busetting.

10.4 KOMMUNESTORLEIK (FOLKETAL) OG VEDTAK OM BUSETTING

| | under 3 000 | 3 000- 8 000 | 8 000- 15 000 | 15 000- 25 000 | over 25 000 | Totalt |
|---------------|-------------|--------------|---------------|----------------|-------------|------------|
| 1-10 | 16 | 56 | 26 | 10 | - | 108 |
| 11-20 | - | 16 | 16 | 8 | 3 | 43 |
| 21-30 | - | 1 | 16 | 11 | 9 | 37 |
| 31-40 | - | 1 | 1 | 2 | 10 | 14 |
| 41-50 | - | - | - | 1 | 5 | 6 |
| 51-60 | - | - | - | - | 5 | 5 |
| 61-70 | - | - | - | - | 1 | 1 |
| 71-80 | - | - | - | - | 2 | 2 |
| 81-90 | - | - | - | - | 2 | 2 |
| 91-100 | - | - | - | - | 2 | 2 |
| Over 100 | - | - | - | - | 4 | 4 |
| Utan vedtak | - | - | - | - | - | - |
| Ikkje oppmoda | 142 | 52 | 2 | 2 | - | 198 |
| Totalt | 158 | 126 | 61 | 34 | 43 | 422 |

Tabell 10.4 syner sambandet mellom kommunestorleik og vedtak om busetting. Det er berre om lag halvparten av kommunane som er oppmoda om å busette flyktningar i 2018, av di busettingsbehovet er lågare enn dei føregåande åra.

Av di busettingsbehovet er lågare, er det fleire kommunar som vart oppmoda om å busette færre. Det er difor fleire av kommunane med høgare folketal som har vedtak om å busette mellom 1-10 flyktningar. Til saman 108 kommunar har fatta vedtak om å busette 1-10 flyktningar. Desse strekker seg frå dei minste kommunane og opp til 25 000 innbyggjarar.

I hovudsak syner tabellen ein klar samanheng mellom folketal og vedtak om busetting.

10.5 KOMMUNEVEDTAK OG BUSETTING 2018

| | Ingen busetting | 1-10 | 11-20 | 21-30 | 31-40 | 41-50 | 51-60 | 61-70 | 71-80 | 81-90 | 91- 100 | Over 100 | Totalt |
|---------------|--------------------|------------|-----------|-----------|-----------|----------|----------|----------|----------|----------|------------|-------------|------------|
| 1-10 | 2 | 84 | 22 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 108 |
| 11-20 | - | 6 | 34 | 3 | - | - | - | - | - | - | - | - | 43 |
| 21-30 | - | - | 7 | 29 | 1 | - | - | - | - | - | - | - | 37 |
| 31-40 | - | - | - | 5 | 9 | - | - | - | - | - | - | - | 14 |
| 41-50 | - | - | - | 1 | 2 | 3 | - | - | - | - | - | - | 6 |
| 51-60 | - | - | - | - | - | 3 | 2 | - | - | - | - | - | 5 |
| 61-70 | - | - | - | - | - | - | 1 | - | - | - | - | - | 1 |
| 71-80 | - | - | - | - | - | - | - | - | 2 | - | - | - | 2 |
| 81-90 | - | - | - | - | - | - | - | - | 1 | 1 | - | - | 2 |
| 91-100 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 2 | - | - | 2 |
| Over 100 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 4 | 4 |
| Utan vedtak | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Ikkje oppmoda | 145 | 53 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 198 |
| Totalt | 147 | 143 | 63 | 38 | 12 | 6 | 3 | - | 3 | 3 | - | 4 | 422 |

Tabellen over syner forholdet mellom kommunevedtak (vertikal akse) og faktisk busetting (horisontal akse) i 2018. Kommunene som er markert med grønt har busett fleire enn dei har vedtak om. Kommunar markert med gult har busett færre enn dei har vedtak om.

For nokre av kommunane som er markert i gult, handlar dette om at busettingsbehovet vart redusert etter at tilleggsoppmodinga var sendt i juni. Busettinga av 4 903 flyktningar er i tråd med det samla busettingsbehovet i 2018. Det var difor ikkje behov for å nytte alle dei 5 270 vedtaks plassane i kommunane.

IMDi har registrert busetting i til saman 275 kommunar i 2018, samanlikna med 386 i 2017. Denne nedgangen heng saman med det reduserte busettingsbehovet.

Det er fleire kommunar i 2018 som har busett utan å ha vore oppmoda eller ha vedtak om busetting. Dette har samband med at ein del personar som vart tildelt ein kommune i løpet av dei siste månadene i 2017 ikkje vart busett før årsskiftet. Samstundes er det tilfeller kor flyktningar av særlege hensyn må busettes i kommunar som ikkje har vedtak. To av kommunane som hadde fatta vedtak om busetting, gjennomførte ingen busetting i løpet av 2018.

Oppmodinga for 2019 vart sendt ut i desember 2018, og reflekterte eit busettingsbehov som er på same nivå som i 2018 på 5 350 busettingsplassar. Oppmodinga vart sendt til 235 kommunar.